



FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE

# Forvaltningsplan for Brandatjørna naturreservat

Flora kommune




Rapport nr. 1-2012



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger  
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02  
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

#### Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde  
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77  
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no) Internett: <http://www.fmsf.no>  
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsidedfoto: Frå Brandatjørna naturreservat Foto: Johannes Anonby

Forfattarar Steinar Lund, Helge Fjeldstad & Geir Gaarder	Dato 19.1.2012
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetel 28
Tittel Forvaltningsplan for Brandatjørna naturreservat, Flora kommune	ISBN 978-82-92777-26-8 ISSN 0803-1886 Rapporten ligg på nettstaden Miljøstatus
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
<p>Skogområdet rundt Brandatjørna i Flora kommune blei verna som naturreservat 14.6.2002, som ein del av suppleringsplan for barskog i Vest-Noreg. Føremålet med vernet er å ta vare på eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv, og med alle dei økologiske prosessane. Særskilt viktig er førekomsten av den raudlista arten huldrestry (<i>Usnea longissima</i>) (EN), som er ein av få kjende lokalitetar på Vestlandet. I naturreservatet finst det og eit stort mangfald av trelevande sopp og lav. Brandatjørna naturreservat ligg i Flora kommune i Sogn og Fjordane. Reservatet ligg på ein kolle kring Brandatjørna. Det er ein ganske artsfattig karplanteflora i naturreservatet. Hovudtreslaget er furu, men det er og innslag av boreale treslag som bjørk, osp, gråor, selje og rogn, og varmekjære treslag som eik, hassel og svartor. Det er fyrst og fremst innslaget av svært gamal eik som gjev grunnlag for verneverdiane. Eika er levestad for den raudlista arten huldrestry (EN). Fleire andre raudlista sopp og lav er knytte til skogen i Brandatjørna naturreservat.</p> <p>Føremålet med forvaltningsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneverdiane i naturreservatet</li> <li>• Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området</li> <li>• Gje grunneigarane og ålmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet</li> <li>• Definere bevaringsmål for naturreservatet</li> </ul> <p>Bevaringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Overordna bevaringsmål: Det naturlege plante- og dyrelivet i Brandatjørna naturreservat skal ha gode levevilkår, og alle dei naturlege økologiske prosessane skal vere intakte. Gammalskogsmiljøet skal vere særskilt godt eigna for huldrestry og trelevande sopp og lav.</li> <li>• Ingen førekomst av framande organismar, dvs. artar og proveniensar som ikkje førekjem naturleg i regionen</li> <li>• Beite av hjortevilt skal ikkje vesentleg påverke treslagsfordelinga ut over det som hadde vore naturleg</li> <li>• Huldrestry skal finnast på minst 20 tre i reservatet. På minst 5 tre skal førekomsten vere rikeleg</li> <li>• Eik skal ha ein bestand på minst 15 tre med over 25 cm omkrins i brysthøgde (dhh)</li> <li>• Raudlisteartar som framleis skal finnast i naturreservatet: kort trollskjegg, gubbeskjegg, skorpefiltlav, hasselrurlav, kystkantlav og kvithodenål</li> </ul> <p>Aktuelle skjøtselstiltak/påfølgjande undersøkingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fjerne grana innanfor naturreservatet</li> <li>• Registrere framande organismar</li> <li>• Kartlegge førekomsten av huldrestry og andre raudlista artar</li> <li>• Gjennomføre basiskartlegging</li> <li>• Registrere rekruttering av eik, rogn, osp og selje</li> <li>• Registrere mengde daud ved</li> </ul>	
Emneord naturvern, botanikk, barskog, forvaltningsplan, biologisk mangfald	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## Innhald

1. Innleiing.....	2
1.1. Vern som naturreservat.....	2
1.2. Mål for forvaltningsplanen .....	2
2. Registreringar og vurderingar gjort av Miljøfaglig Utredning .....	4
2.1. Generelle naturtilhøve .....	4
2.2. Flora og vegetasjonstypar .....	6
2.3. Lav .....	8
2.4. Mose.....	10
2.5. Sopp .....	10
2.6. Fauna .....	11
2.7. Raudlisteartar .....	11
2.8. Framande artar .....	15
2.9. Verdivurdering .....	15
2.10. Trugsmål og samla tilstandsvurdering .....	15
3. Bevaringsmål .....	17
4. Brukarinteresser .....	20
4.1. Landbruk .....	20
4.2. Friluftsliv, jakt og fiske .....	20
4.3. Motorisert ferdslø .....	22
5. Forvaltning .....	23
5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta.....	23
5.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar .....	24
5.3. Statens naturoppsyn .....	25
6. Forvaltningsoppgåver og tiltak.....	26
6.1. Skjøtsel .....	26
6.2. Informasjon og tilrettelegging .....	26
6.3. Overvaking og påfølgjande undersøkingar .....	26
6.4. Oppsummering av skjøtsel og påfølgjande undersøkingar .....	27
7. Kjelder.....	28

## Føreord


Brandatjørna naturreservat vart oppretta 14.6.2002 som ein del av suppleringsplan for barskog i Vest-Noreg. Dette er den første forvaltningsplanen for området. Dei største utfordringane for naturverdiane i Brandatjørna naturreservat er knytte til innslag av framande artar, i fyrste rekkje gran. Huldrestry, som er av dei viktigaste naturverdiane, veks på eik i Brandatjørna naturreservat. Det er difor avgjerande at eika ikkje blir utkonkurrert av gran. Det er og ei utfordring at huldrestrybestanden er lett tilgjengeleg og kan vere utsett for at folk plukkar med seg huldrestry. Tilrettelegging for publikum i naturreservatet må difor avvegast mot omsynet til verneverdiane.

Miljøfaglig Utredning as utarbeidde på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ein rapport om naturverdiane i Brandatjørna naturreservat med miljøfaglege råd til forvaltningsplanen (Fjeldstad & Gaarder 2010). Rapporten frå Miljøfaglig Utredning har vore eit viktig grunnlag for forvaltningsplanen.

Igangsetjing av arbeidet med forvaltningsplanen blei varsla i august 2011, og eit utkast til forvaltningsplan blei lagt ut på høyring i november 2011. Dette dokumentet, som er den godkjende forvaltningsplanen, er lagt ut på nettsida Miljøstatus i Sogn og Fjordane <http://sognogfjordane.miljostatus.no>.

Leikanger, 27.1.2012

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef





# 1. Innleiing

Det første Brandatjørna naturreservat vart mellombels verna allereie i 1993, etter konflikt mellom verneomsyn og ønske om skogsvegbygging for uttak av vindfall etter nyttårsorkanen i 1992. Det noverande Brandatjørna naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon 14.6.2002 som ein del av supplering av verneplan for barskog i Vest-Noreg, basert på Stortingsmelding nr. 40 (1994-1995). Arealet vart då redusert noko i høve til det mellombelse vernet, slik at hyttene i søraust kom utanfor verneområdet. Naturreservatet ligg i Flora kommune og utgjør eit areal på 446 dekar.

## 1.1. Vern som naturreservat

Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen blir tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat er den strengaste av verneformene og blir m.a. brukt for område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, område som er viktige for biologisk mangfald, inneheld ein bestemt naturtype, utgjør ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Føremålet med fredinga av Brandatjørna naturreservat er å:

“...ta vare på eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv, og med alle dei naturlege økologiske prosessane. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området har ein frodig og plantegeografisk interessant førekomst av huldrestry i eit gamalskogsmiljø, med mange artar av trelevande sopp og lav.” (jf. verneforskrifta § 2).

## 1.2. Mål for forvaltningsplanen

Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje føremålet med vernet. Forvaltningsplanen skal sikre heilskapleg forvaltning av verneområde ved å gi konkrete retningslinjer som konkretiserer verneforskrifta.

Ein forvaltningsplan skal:

- Presisere og utdjupe verneføremålet i verneforskrifta og enkeltavgjerd
- Dokumentere tilstand for natur, kulturminne, kulturmiljø og brukarinteresser
- Definere forvaltningsmål og bevaringsmål for naturkvalitetar og brukarinteresser
- Definere naudsynte og/eller ønskete tiltak
- Gje ei oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og mynde
- Gje retningsliner for dispensasjonspraksis og bruk av verneområdet
- Gjere greie for rutinar for handsaming av saker etter verneforskrifta

Hovudføremålet med forvaltningsplanen er å gje ei oversikt over tilstand og utfordringar i Brandatjørna naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltingsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltingsstyresmakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneføremålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltingsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Brandatjørna naturreservat og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtselsplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med Fylkesmannen også teke på seg skjøtselsarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar vert reviderte minst kvart 10. år.

Det kan bli behov for å revidere bevaringsmål og tiltaksplan med kortare mellomrom enn 10 år. Bruken av bevaringsmål er nytt i forvaltninga, og det kan difor bli naudsynt å justere bevaringsmål etter kvart som kunnskapen om naturverdiane i området aukar. Forvaltningsstyresmakta tek difor atterhald om at bevaringsmål og tiltaksplan kan bli reviderte ved behov.

Definisjonar (frå Forvaltningshandboka, kap. 5. (DN handbok 17-2001))

### **Naturkvalitet**

Naturkvalitet er naturtyper, arter, geologi og landskap som skal bevares i et verneområde. Ett verneområde kan ha en eller flere naturkvaliteter som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetene framgår gjerne direkte av det overordnede verneformålet. I tillegg kan det være nødvendig å definere naturkvaliteter ut over verneformålet. Dette vil være aktuelt i verneområder der verneformålene er for generelle og for vage med tanke på naturkvalitetene. Ny kunnskap om f.eks. biologisk mangfold kan også ha kommet til etter at vernet ble etablert og verneformålet formulert.

### **Bevaringsmål**

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv, jf. kap. 5.7.4



## 2. Registreringar og vurderingar gjort av Miljøfaglig Utredning

Heile dette kapittelet er henta frå rapporten som Miljøfaglig Utredning (MU) laga på oppdrag frå Fylkesmannen som miljøfagleg råd til forvaltningsplanen (Fjeldstad & Gaarder 2010).

### 2.1. Generelle naturtilhøve

“Brandatjørna naturreservat ligg i Flora kommune i Sunnfjord, Sogn og Fjordane fylke. Reservatet ligg i austre delar av kommunen, på grensa mot Gloppen. Reservatet ligg på ei kolle kring ei tjørn – Brandatjørna, midt i dalføret aust for Endestadvatnet (58 moh.) og vest for Krokstadvatnet (60 moh.).

I vest grensar reservatet til Endestadvatnet og grensa er vidare trekt nordover opp på kollen Tjørnaholten der den fangar inn Brandatjørna (112 moh.) før den følgjer ryggen på austsida av kollen søraustover ned til Krokstadvatnet. I sør er det trekt ei linje over åsryggen som skil Krokstadvatnet og Endestadvatnet.

Sjølve Brandatjørna drenerer nordover til Løkkjebøvatnet, men det går eit dalsøkk frå Brandatjørna mot Krokstadvatnet i søraust. Dei rike partia av reservatet ligg i dette lune dalsøkket. Både i nordaust og sørvest grensar det til fattigare skog og hei. Plasseringa i eit dalsøkk fører til ein del variasjon i eksposisjonar, med lier mot aust og vest. I dalbotnen er det innslag av nokre mindre myr- og sumpområde.


Berggrunnen er stor sett fattig til middels rik innafør reservatet, med noko glimmerskifer, der ein skilde artsfunn lokalt indikerer innslag av rik bakkevegetasjon. Ein liten flekk med innslag av dolomitt vart også funne (UTM 320406 6835763). Det er fattigare sandstein/skifer nordaust og sørvest i reservatet ([www.ngu.no/kart/bg250](http://www.ngu.no/kart/bg250)), sjå også figur 1.<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> Kommentar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: I Brandatjørna naturreservat er det og ein randmorenerygg frå då Ålfotbreen rykte fram i Yngre Dryas. Desse avsetningane har stor verdi som historisk dokument fordi dei viser fremste posisjon til denne bretunga (Aa & Sønstegeard 1994).

## Brandatjørna naturreservat

### Berggrunnskart



Figur 1. Utsnitt frå berggrunnsgeoloisk kart over området ([www.ngu.no/kart/bg250](http://www.ngu.no/kart/bg250)). Grøn farge er glimmerskifer med soner av dolomitmarmor, medan gul farge er metasandstein/skifer. Brandatjørna NR er markert med raud omkrets sentralt i kartet.

Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (Moen 1998). Innslaget av artar som er knytt til kysten er difor typisk innafør området.

Området er relativt lite prega av kulturpåverknad, sjølv om det finst tydelege spor også etter dette. Eit granplantefelt ligg innafør området i vest (hogstklasse IV), og eit noko yngre felt ligg ned mot Krokstadvatnet i aust. Nyare spor etter hogst finst på nordsida av Tjørnkollen. Vi fann ikkje synlege spor etter korkje hustuffer eller kulturenger. Husdyrbeite ser det ikkje lenger ut til å ha vore på ei tid i området, og det er mest ville dyr som hjort som no påverkar skogsmijøa.

Om skogen står det følgjande i naturbase:

Her vises det til Gauslaa m.fl. (1992), som bl. a. omtaler noe hogst rundt 1950, og at alderen på eiketrærne i området trolig er rundt 100 år eller meir. Furuskogen er nok av mye same alder, dvs. mye trær på 100-200 år, mens bare spredte trær er eldre. Skogen er nokså åpen og har dels flersjiktet struktur der det er noe lauvinnblanding. Det er lite gadd og læger, men spredte eksempler forekommer.

## 2.2. Flora og vegetasjonstypar

Brandatjørna NR har ein ganske artsfattig karplanteflora. Viktigaste treslag er furu, men av lauvtre finst både boreale treslag som bjørk, osp, gråor, selje og rogn, og varmekjære treslag som eik (truleg helst sommareik) hassel og svartor. Ein grov fordeling av vegetasjonstypar er vist i figur 3.4.

I dalsøkket sentralt i området er det sparsamt innslag av lågurtprega skog (B1). Her veks m.a. markjordbær, teiebær, skogfiol og liljekonvall, samt ofte engplanter som smalkjempe, tepperot, blåkoll og lækjeveronika, saman med småvaksne høgstauder av enghumbleblom, kranskonvall, sløkje og mjøduert. Ein del hassel og småbuskar av vivendel og korsved er også typisk. Ein stad vart også edellausskogsplanta sannikel funne. Det er og innslag av intermediær myr (L) med blåtopp, stjernestorr, slåttestorr, myrsaulauk og loppestorr. I aust er det noko småbregneskog (A5) med artar som hengeving og skogburkne og mykje lauvtre i tresjiktet. Kring desse vegetasjonstypene er blåbærskog (A4) den dominerande vegetasjonstypen sentralt i reservatet. Det er i denne typen eikene har hovudutbreiing. Noko blåbærskog finst og i sørvest, men her er det og planta inn gran. Denne skogen har forutan ein del blåbær ofte innslag av einstape og bjønnekam og einskilde urter (som skogstjerne), samt innslag av litt lauvtre. Eik veks i området både i lågurtskog, småbregneskog og litt rike utformingar av blåbærskog. Treslaget ser ut til å forynge seg ganske lett i lågurtskogen, der vi fann ein del småplanter, medan det verkar noko dårlegare i blåbærskogen.

Den dominerande vegetasjonstypen totalt i reservatet er likevel røsslyngfuruskog (A3) saman med knauskog (A6). Knauskogen er småvaksen og glissen og dominert av røsslyng med innslag av klokkeling, bjønnskjegg og blåtopp. I røsslyngskogen kjem også kvitlyng, blokkebær og tytebær inn, furuskogen vert noko høgare og tettare og det same gjeld røsslyngen. Typene er utbreidd i dei fattigare høgareliggjande delar av reservatet og grunnlendte parti i vest og nord.

Område med fattig myr (K) finst vest for Brandatjørna. Det er snakk om fattig til svakt intermediære utformingar av m.a. fastmattemyr. Her er det ein ordinær flora med artar som rome, bjønnskjegg, røsslyng, blokkebær og blåtopp. I myra er det svakt innslag av kornstorr i nedre deler. Ei liknande lita, men noko rikare myr ligg søraust for Brandatjørna. Her er særleg laggen inn mot lågurtskogen i sør og vest ganske rik, med fleire artar typisk for middelsrik fastmattemyr, som breiull, gulstorr, loppestorr og skogsiv. I tillegg finst det der artar meir typisk for intermediær myr som bukkeblad, stjernestorr, flaskestorr, slåttestorr, dvergjamne og flekkmariland. I botnsjiktet veks m.a. myrstjernemose.

Det er lite og for det meste fattig berg innafor reservatet, men det kan nemnast at taggbregne vart funne med nokre få eksemplar på kalkberget på søraustsida av Brandatjørna, saman med ulike lågurtplanter.


Sjølve Brandatjørna er fattig med artar som bukkeblad og kvit nøkkerose.



*Figur 2. Felt med lågurtprega vegetasjon i søkker noko søraust for Brandatjørna. Ei blanding av engplanter, typiske lågurtplanter og småvaksne høgstauder samt ei og anna myrplante er typisk for slike miljø i desse kystnære, oseaniske områda. Foto: Miljøfaglig Utredning.*



## Vegetasjonskart Brandatjørna



Figur 3. eit noko grovt vegetasjonskart over Brandatjørna naturreservat, på grunnlag av kartlegginga hausten 2009.

### 2.3. Lav

Reservatet har ein middels rik lavflora, men med innslag av nokre sjeldsynte og truga artar. Det er særleg førekomsten av huldrestry (*Usnea longissima*) (EN) som har ført til at området har fått stor merksemd og var hovudgrunnlaget for vern av lokaliteten. Denne førekomsten (saman med ein litt mindre, nærliggande ein ved Åsetjørna litt mot nordaust) er både geografisk isolert og økologisk uvanleg. Arten veks i Noreg i fyrste rekkje på Austlandet, og har eit fåtal spreidde lokalitetar i Trøndelag og sørlege Nordland, men er ikkje kjent andre stadar på Vestlandet (det skal visstnok vere

funne ein ny lokalitet i Kvam i Hordaland i 2009, men den ligg enno ikkje ute på nettet)<sup>2</sup>. Medan dei aller fleste andre vekseplassane er granskog der arten veks på gran og boreale lauvtre, så veks den ved Brandatjørna helst på eik. Også dette er svært uvanleg, sjølv om det tidlegare var kjent einskilde vekseplassar i edellauvskog på sørlege Austlandet (for lengst forsvunnen frå slike miljø no) og andre stadar i Europa (m.a. Spania, kanskje også utrydda der no). I tillegg er arten høgt raudlista i alle europeiske land, som sterkt eller kritisk truga eller utrydda.

Elles er det ein del andre artar i strylav-samfunnet her, som hengestry (Usnea filipendula) og piggstry (Usnea subfloridana) (Gauslaa m.fl. 1992). Flokestry (Usnea chaetophora) vart i si tid funnen ned mot vegen, litt utafor verneområdet. Arten er ganske sjeldsynt, men vanskeleg å bestemme og kan vere oversett.

Det er også innslag av bladlav frå lungenever-samfunnet i området, sjølv om dette ikkje er spesielt artsrikt. Førekomsten av skorpefiltlav (Fuscopannaria ignobilis) (VU) på fleire ospetre er av størst interesse, sidan arten er mindre vanleg og raudlista. Buktporelav (Sticta sylvatica) er heller ikkje vanleg i dette distriktet, men meir utbredt lenger ute på kysten (og lokalt innover i fjordstrøka). Innafor kjerneområdet i reservatet, der huldrestry veks, er det grunn til å trekkje fram at artar som lungenever (Lobaria pulmonaria), skrubbenever (Lobaria scrobiculata), grynfiltlav (Pannaria conoplea), kystfiltlav (Pannaria rubiginosa) og vanleg blåfiltlav (Degelia plumbea) veks på sjølv små og tynne tre av osp og rogn. Dette indikerer både høg luftfukt og ganske god pH i marka.

Når det gjeld skorpelav, så finst einskilde fuktkrevjande glattbarksartar på hasselstammer.

Hasselrurlav (Thelotrema suecicum) (NT) er funne eit par stadar. Arten kan lokalt vere vanleg i oseaniske og suboseaniske delar av Noreg nord til Nordmøre, men er svært sjeldsynt andre stader i Europa og vi har eit klart internasjonalt forvaltningsansvar for den. Vesentleg meir sjeldsynt nasjonalt er kystkantlav (Lecanora cinereofusca) (EN), som vart funnen sparsam på ei hasselstamme i 2009. Arten er knytt til regnskogsmiljø i Noreg (finst hist og her både på Vestlandet og i Trøndelag), og er tidlegare funne på austsida av Lykkjebøvatnet, ikkje så langt unna.

Det er også registrert einskilde knappenålslav i området, ei typisk gruppe knytt til gamle tre, ofte med holrom eller godt skjerma, skyggefulle parti nær rota. Under kartlegginga i 2009 vart både kvithodenål (Chaenotheca gracilentia) (NT) og vortenål (Chaenotheca chlorella) funne, på respektive basis av gammal bjørk og inne i hol eik. Gauslaa m.fl. (1992) hadde artar som gulgrynnål (Chaenotheca chrysocephala) og skjelnål (Chaenotheca trichialis).

Ut over dette så er hovudskoddelav (Menegazzia terebrata) (VU) tidlegare funne på oretre i nordenden av Brandatjørna, i kanten av reservatet. Arten vart ikkje funnen att i 2009. Det har truleg ikkje skjedd store endringar på vekseplassen sidan funnet vart gjort, men det var snakk om ein svært liten førekomst, der berre tilfelle kan vere grunnen til manglande funn no (kan vere bortkommen, men kan også vere oversett).

Tabell 1. Registrerte lavartar frå lungenever-samfunnet som er funne i Brandatjørna naturreservat.

Norsk namn	Latinsk namn
Vanleg blåfiltlav	Degelia plumbea
Skorpefiltlav (VU)	Fuscopannaria ignobilis
Lungenever	Lobaria pulmonaria

<sup>2</sup> Kommentar frå Fylkesmannen: Her er det truleg vist til funnet av huldrestry i Modalen i Hordaland (Ihlen & Eilertsen 2010).



Skrubbenever	<i>Lobaria scrobiculata</i>
Muslinglav	<i>Normandina pulchella</i>
Kystfiltlav	<i>Pannaria rubiginosa</i>
Grynfiltlav	<i>Pannaria conoplea</i>
Bukt porelav	<i>Sticta sylvatica</i>
Kystårenever	<i>Peltigera collina</i>

## 2.4. Mose

Det er ikkje kjent spesielle moseartar av særleg interesse innafør området. Grunnen til funnet av huldrestry var i si tid moseinteresserte folk som skulle sjå nærare på ein førekomst av nipdraugmose (*Anastrophyllum joergensenii*) (EN) opp mot Endestadnipa rett sør for reservatet. Denne arten er svært sjeldsynt både internasjonalt og nasjonalt og berre kjent frå dette området i Noreg. Arten veks i eit karakteristisk samfunn av levermosar som det vart sett etter i 2009 også innafør reservatet. Berre små førekomstar av meir vanlege artar som storstyle (*Bazzania trilobata*), heimose (*Anastrepta orchadensis*) og raudmuslingmose (*Mylia taylorii*) vart funne, og miljøet er tydeligvis ikkje særleg eigna for dei meir kravfulle artane i samfunnet. Praktvibladmose (*Scapania ornithopodioides*) vart riktig nok funne sparsamt i fuktig knauskog rett på austsida av reservatet (berre få meter unna grensa).

Kalkrike berg har ofte ein rik og særprega moseflora der det kan dukke opp sjeldsynte og raudlista artar. Slike finst også innafør reservatet, men dei er såpass små at mosefloraen nok er ganske utarma. På ein kalkrik flyttblokk vart det funne typiske artar av lommemosar (*Fissidens* sp.) og storklokkemose (*Encalypta stretocarpa*). På kalkberget som så vidt stakk fram i dagen på søraustsida av Brandatjørna vaks litt kammose (*Ctenidium molluscum*), mens meir sjeldsynte artar ikkje var funne.

## 2.5. Sopp

Når det gjeld sopp, så har det hittil ikkje vore skikkelege undersøkingar av denne organismegruppa, sjølv om det har vore søkt litt, særleg etter vedlevande sopp. Heller ikkje i 2009 vart desse prioritert, då soppesongen ikkje verka særleg god på dette tidspunktet. Frå tidlegare er det gjort funn av furukjuka (*Phellinus pini*) i området samt funn av svovelkjuka (*Laetiporus sulphurinus*), og den sistnemnde vart også funnen att i 2009. Også stor ospeildkjuka (*Phellinus populinus*) vart funne på store ospetre i 2009, ein mindre vanleg art. Det er truleg potensial for nokre fleire kravfulle vedlevande og markbuande sopp her.



Figur 4. Svovelkjuke (*Laetiporus sulphurinus*) på eit av eiketrea med huldrestry (*Usnea longissima*) (VU).

## 2.6. Fauna

Medan særleg karplantefloraen er ganske godt kjent innafor området, så stiller kunnskapen om faunaen dårlegare. Vi hadde heller ikkje observasjonar av særleg interesse i 2009, til det var vi nok for seint ute på hausten. Både kvitryggspett (NT) og dvergspett (VU) har hekka i reservatet i seinare år (J. Anonby pers. meld.). elles er det helst ein normal fuglefauna av skoglevande artar av meiser, finkefugl, trast og songarar.

Når det gjeld pattedyr, så er det hjort i området. Elles truleg eit normalt mangfald for slike barskogdominerte miljø.

## 2.7. Raudlisteartar

Det var på førehand gjort nokre funn av raudlisteartar i naturreservatet, og sidan potensialet for nye funn truleg er relativt lågt, la vi spesiell vekt på å koordinatfeste alle funn av huldrestry (EN) med GPS. Fylkesmannen fekk med det ein samla tabell for alle einskildfunna av huldrestry (EN). I alt er det kjent 8 raudlista lav innafor Brandatjørna naturreservat, sjå tabell 3.2 nedafor. Det er tidlegare også registrert 2 artar av raudlista fugl som kan hekka i området.

Tabell 2. Førekost av raudlista lav og fuglar innafor Brandatjørna naturreservat, baser på skriftlege kjelder og eige feltarbeid i 2009.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudliste	Kommentar
Lav			
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	NT	Eit funn i 1992 (fleire funn i 2009, men ikkje så vanleg)
Kort trollskjegg	<i>Bryoria bicolor</i>	NT	Eit funn i 1992
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	VU	Funne på 7 tre i 2009
Hovudskoddelav	<i>Menegazzia terebrata</i>	VU	Funne på 2 tre i 1991
Kystkantlav	<i>Lecanora cinereofusca</i>	EN	Eit funn i 2009
Hasselrulav	<i>Thelotrema suecicum</i>	NT	Eit par funn i 2009

Huldrestry	<i>Usnea longissima</i>	EN	Funne på 27 tre i 2009
Kvithodenål	<i>Chaenotheca gracilenta</i>	NT	Eit funn i 2009

#### **Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT)**

Det er berre gjort ei konkret registrering av denne strylaven i området. Gubbeskjegg er typisk for gammal furuskog på Vestlandet og kan stadvis finnast i store mengder. Den ser ut til å vere ganske sparsam rundt Brandatjørna.

#### **Kort trollskjegg *Bryoria bicolor* (NT)**

Arten er knytt til eldre, fuktig, gran- eller bjørkedominert skog i låglandet på austlandet og langs kysten til Helgeland, men er svært sjeldsynt nord for Dovre. Den veks oftast i skuggen på moseklede bergveggar, men også på nedre stammer eller på grove greiner av gamle tre, særleg gran og bjørk. Mørketala er vurdert som låge. Viktigaste trugsmål er flatehogst og generell mangel på eigna substrat. Den verkar sjeldsynt rundt Brandatjørna.

#### **Skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (VU)**

Dette er ein oseanisk bladlav i lungenever-samfunnet, som utelukkande veks på lauvtre med rik bork. Den er ganske utbreidd på Vestlandet og finst m.a. fleire stader i Flora kommune. I Brandatjørna fann vi den i 2009 på i alt 7 ospetre.

#### **Kvithodenål *Chaenotheca gracilenta* (NT)**

Denne knappenåls-laven vart funne på bjørk. Arten finst spreidd i Noreg, og veks både på humus under bergoverheng og ved basis av gamle tre, men alltid ganske skyggefullt. På Vestlandet er det i første rekkje inne i holrom i gamle lauvtre ein finn arten, eller på greiner som ligg skjerna under store berghamrar og steinblokker. Ved Brandatjørna vart eit funn gjort ved basis av ei gammal bjørk.

#### **Hasselrulav *Thelotrema suecicum* (NT)**

Hasselrulav er ein glattbarksart som høyrer til ei stor, overvegande tropisk lavslekt, og den kan godt vekse i lag med raudlista, kystbundne pærelav-artar (*Pyrenula* spp.). Den er likevel ikkje så fuktikrevjande og finst både lenger inn i fjordane og t.d. austover på sørlege Austlandet. Den verkar sterkt knytt til hassel og er knapt funne på ande treslag i Europa. Samtidig finst den helst i sørboreal og berre delvis i boreonormal vegetasjonssone, og unngår dermed det meste av edellauvskogsområde i Europa. Berre nokre få funn er gjort i Sverige (der har dei laga eigen handlingsplan for å ta vare på arten), samt i Austerrike og inn mot Uralfjella. Noreg har dei absolutt fleste førekomstane og det er på Nordvestlandet den er vanlegast. I Brandatjørna NR vart den funne på eit par hasselbuskar i 2009.

#### **Kystkantlav *Lecanora cinereofusca* (EN)**

Arten veks i fuktig lauvskog eller lauvrik granskog langs kysten frå Hordaland til Nordland, med fleste førekomstar i kystgranskog (boreal regnskog) i Midt-Noreg, på lauvtre med rikare bark. Den er sjeldan og mørketallet er vurdert som relativt lågt. Viktigaste trugsmål er ulike former for hogst, kraftig elgbeite og reduksjon i habitat. I Brandatjørna vart den funne på ei hasselstamme og er tydelegvis sjeldsynt i området.

#### **Hovudskoddelav *Menegazzia terebrata* (VU)**

Dette er ein fuktikrevjande bladlav som på ytre Vestlandet særleg veks på gamle oretre, men av og til også andre treslag. Inst i fjordarmane på Nordvestlandet og på indre Austlandet er den derimot mest vanleg på bergveggar. Den er ein typisk, men nokså sjeldsynt art for gammal svartorsumpskog i Sunnfjord. Førekomsten i Brandatjørna er berre ein liten utkantførekomst.

### **Huldrestry *Usnea longissima* (EN)**

Huldrestry er hovudsakleg utbreidd i åstraktene på Austlandet. På Vestlandet er den berre kjent frå denne lokaliteten<sup>3</sup> mens den nord for Dovre har kjente førekomstar i to lokalitetar i Nord-Trøndelag og to i Nordland. Mørketalet er vurdert som lågt. Arten har gått sterkt attende dei siste 50 åra, hovudsakleg på grunn av flatehogst og luftureining. Mykje tyder på at tilbakegangen har auka dei siste 10-15 åra. Dårlig spreingsevne forsterkar denne tendensen.

Arten veks primært på eik i Brandatjørna NR, men finst og som sekundærførekomstar på bjørk, osp og furu. I tal tre er ikkje førekomsten her særleg stor, men det er få andre stader i Noreg den kan vekse i så store mengder og med så lange eksemplar på trea som her. Vi fann i 2009 trådar på nærare 2 meter som hang fritt, og truleg er det eksemplar som er mykje lengre enn dette her.



*Figur 5. Hasselkratt inntil fuktsiget som kjem ned i dalen søruast for Brandatjørna (der huldrestryførekomsten er). På hasselstammen her vaks ikkje berre hasselrurlav (*Thelotrema suecicum*) (NT), men også den sjeldsynte, kravfulle og dels regnskogstilknytta skorpelaven kystkantlav (*Lecanora cinereofusca*) (EN) sparsamt. Foto: Miljøfaglig Utredning.*

---

<sup>3</sup> Kommentar frå Fylkesmannen: Huldrestry er og funnen i Modalen i Hordaland i 2009 (Ihlen & Eilertsen 2010).





*Figur 6. Vestsida av reservatet ned mot Endestadvatnet er dominert av fattig grunnlendt furuskog, men også her finst rikare parti. I slike miljø er det gjerne lite raudlistearter, og vi fann da heller ingen her. Foto: Miljøfaglig Utredning.*



*Figur 7. Ein kalkrik flyttblokk ligg i lauvskogen rett ovafor huldrestryførekomsten. Forutan kalkkrevjande mosar, vert det også funne kvithodenål (*Chaenotheca gracilentia*) (NT) her. Foto: Miljøfaglig Utredning.*



## 2.8. Framande artar

Innafor reservatet, på vestsida mot Endestadvatnet, og på austsida mot Krokstadvatnet, finst det plantefelt med norsk gran. Elles er ingen framande artar kjent innafor området.



Figur 8. Blåbærskog med planta gran på vestsida av reservatet mot Endestadvatnet. Teigen er planta attmed eit rikare bekkestrøg med noko kvitbladtistel og mjødurt. Foto: Miljøfaglig Utredning.

## 2.9. Verdivurdering

I verneplanen la styresmaktene vekt på at Brandatjørna hadde ein frodig og plantegeografisk interessant førekomst av huldrestry i eit gammalskogsmiljø med mange artar av trelevande sopp og lav.

I tillegg til dette er det særleg grunn til å trekke fram førekomsten av gammal eik som ein kvalitet i seg sjølv samt at fleire av lavfunna viser slektskap med regnskogsmiljø.

### 2.10. Trugsmål og samla tilstandsvurdering

Tilstanden til verneområdet vert vurdert til å vere god. Førekomsten av huldrestry ser ut til å vere livskraftig og ganske stabil i nyare tid og ser på kort sikt ikkje ut til å vere truga. Det er likevel eit par uheldige trekk ved området. Den eine gjeld innplanta gran. Sjølv om spreininga ikkje er så stor enno, så må ein rekne med at dette kan auke på i åra framover. I tillegg legg den grana som alt er planta inn beslag på verdifull skogsmark på høg bonitet og fortrenger m.a. eikeskog. Innafor ein ti-års periode bør grana verte fjerna permanent frå reservatet om ho ikkje skal redusere verdiane.

Når det gjeld forynging av eik, så ser det ut til at denne er brukbar i dag. Vi fann fleire stader ung eik i reservatet. På sikt kan det vere aktuelt med tiltak som planting eller liknande for å oppretthalde bestanden. Eik har likevel ei lang omløpstid og det trengs få planter som veks opp for at bestanden skal halde seg.



Førekomsten av huldrestry ligg ved ein lite nytta sti som går gjennom reservatet. Huldrestry er lett å oppdage og trådar av denne kan lett plukkast frå stien. Sidan utbreiinga er liten, reservatet ligg kort frå bilveg og huldrestry er lett tilgjengeleg for ulovleg innsamling, kan ein auke i ferdsel vere eit trugsmål for bestanden. Ein må difor ikkje legge til rette for bruk av stien der den går i dag. Ei løysing er å merke/opparbeide ein sti frå vegen og langs kanten av Krokstadvatnet dersom det er naudsynt med ein sti. Slik området vert bruka i dag er ikkje plukking noko alvorleg trugsmål mot bestanden.

Når det gjeld tilhøve mellom beiting av hjort og rekruttering for eit viktig treslag som for eksempel osp, så registrete vi ikkje at nedbeiting var noko problem i reservatet i dag. Det kan vere at snømengda om vinteren gjer at hjorten trekk ut av området og ikkje blir ståande og beite ned lauvtra.”

### 3. Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden som ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmåla for Brandatjørna naturreservat skal kunne brukast som indikatorar for vellukka forvaltning av verneverdiane i verneområdet. Bevaringsmåla må fylgjast opp med registreringar som fastset tilstandsklasse. Der tilstandsklassen er dårleg må det setjast i gang aktuelle tiltak for å betre tilstanden. Det er definert eit overordna bevaringsmål for Brandatjørna naturreservat, og fleire meir detaljerte bevaringsmål som byggjer opp under det overordna målet (Tabell 3). Der vi veit tilstanden i dag er det notert. For nokon av bevaringsmåla veit vi ikkje tilstanden, og her er det difor viktig å snarast gjere registreringar som kan fastsette tilstanden.

**Overordna bevaringsmål:** Det naturlege plante- og dyrelivet i Brandatjørna naturreservat skal ha gode levevilkår, og alle dei naturlege økologiske prosessane skal vere intakte. Gammalskogsmiljøet skal vere særskilt godt eigna for huldrestry og trelevande sopp og lav.

Tabell 3. Bevaringsmål for Brandatjørna naturreservat.

Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Metode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Førekost av framande organismar	Ingen førekost av framande organismar, dvs. artar og proveniensar som ikkje førekjem naturleg i regionen.	Registrering ved synfaring i området, både tal dekar med gran, og eventuelle observasjonar av andre artar. Registrering kvart 5. år.	<u>God</u> – Utan innslag av framande artar. <u>Middels</u> – Svakt innslag av framande artar, men ikkje > 1 % av arealet, eller > 5 % av eit skogbestand. <u>Dårleg</u> – moderat-sterkt innslag av framande organismar, men ikkje > 3 % av arealet, eller > 10 % av eit skogbestand. <u>Usikker</u> – Innslag av framande artar ukjent.	Fjerne gran og andre framande artar.
Skader av hjortevilt	Hjorteviltbeite skal ikkje i påviseleg grad hindre rekruttering av sjeldsynte eller biologisk viktige treslag i skogen.	Registrering ved synfaring i området, t.d. ved utveljing av eit visst tal ROS-førekomstar/lokalitet ar, både vaksne tre og ungplanter.  <sup>1</sup> ROS= rogn, osp og selje	<u>God</u> – Treslagsfordelinga ikkje påverka, ROS <sup>1</sup> under 40 % beitegrad, furu under 30 %. Gamle grove tre er ikkje skadeleg påverka av beitegnag. <u>Dårleg</u> – Beite/barknag truar overlevinga av grove tre og/eller treslagsfordelinga er markert påverka. Beitegrad over 30/40 %. <u>Usikker</u> – Usikkert om treslagsfordelinga er påverka.	Auke jaktuttaket av hjortevilt. I spesielle tilfelle gjerde inn sårbare bestand.
Huldrestry (EN)	Huldrestry skal finnast på minst 20 tre i reservatet. På minst 5 tre skal førekosten vere rikeleg.	Registrering ved synfaring i området.	<u>God</u> : Huldrestry finns på minst 20 tre, rikeleg på minst 5 tre. <u>Middels</u> : Huldrestry finns på 10-20 tre. <u>Dårleg</u> : Huldrestry finns på <10 tre.	Leggje om stien som går forbi huldrestrybestanden. Dersom naudsynt plante eik.
Eik	Eik skal ha ein bestand på minst 15 tre over 25 cm dhb i området der huldrestry er registrert i dag. Einskilde unge og middelaldrande tre skal førekome.	Registrering ved synfaring i området.	<u>God</u> : Bestanden er på minst 15 tre over 25 cm dhb i området der huldrestry er registrert. Einskilde unge og middelaldrande tre skal førekome. <u>Middels</u> : Bestanden er på 10-15 tre over 25 cm dhb i området der huldrestry er registrert. Unge og middelaldrande tre førekjem ikkje. <u>Dårleg</u> : Bestanden er på <10 tre over 25 cm dhb i området der huldrestry er registrert. Unge og middelaldrande tre førekjem ikkje.	Fjerne gran der eika kan bli fortrennt. Dersom naudsynt plante eik.

<u>Andre raudlisteartar:</u> Kort trollskjegg (NT) Gubbeskjegg (NT) Skorpefiltlav (VU) Hasselrurlav (NT) Kystkantlav (EN) Kvithodenål (NT)	Artane skal framleis finnast innafor naturreservatet.	Registrering ved synfaring i området.	<u>God:</u> Arten finns i området, i same eller større omfang enn registreringa gjort i 2009.  <u>Middels:</u> Arten finns i området, men i mindre omfang enn i 2009.  <u>Dårleg:</u> Arten finns ikkje i området.	Fjerne gran der det er fare for at raudlista artar blir fortrengt.
--	---	--	--	--

## **4. Brukarinteresser**

### **4.1. Landbruk**

#### **Status og utfordringar**

Per i dag er det knapt landbruksutnytting å snakke om i naturreservatet, då eventuelt sauebeite er svært ekstensivt og sporadisk. Vi kjenner i dag ikkje til konflikhtar eller problem i samband med beite. Ein eventuell auka bruk av området til husdyrbeite vil neppe utgjere fare for miljøverdiane, men vi har heller ikkje haldepunkt for å seie at det er spesielt ønskjeleg eller naudsynt.

#### **Rammer og regelverk**

Vernereglane er i utgangspunktet til hinder for ordinært landbruk, som til dømes hogst, nydyrking, vegbygging og liknande. I § 4 Generelle unntak er det gjort eit unntak for tradisjonell beiting (pkt. 5). Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet. Forvaltningsstyresmaktene kan etter søknad vurdere oppsetjing av gjerde i samband med beiting, sjå § 5 Eventuelle unntak etter søknad, pkt. 5. Likeins kan det etter søknad gjevast løyve til hogst av etablerte plantefelt (§ 5, pkt. 3).

#### **Retningslinjer for forvaltninga**

Det er ikkje kjent at tradisjonelt beite har hatt negativ påverknad på verneføremålet. Det bør difor ikkje leggjast hindringar for at området kan bli nytta som beiteareal for kringliggjande bruk. Forvaltningsstyresmakta vil derimot neppe tillate oppsetjing av gjerde i naturreservatet med mindre vi får haldepunkt for at beitinga er viktig for naturkvalitetane, og at gjerde i sjølve naturreservatet er naudsynt for å oppnå dette.

### **4.2. Friluftsliv, jakt og fiske**

#### **Status og utfordringar**

Det blir drive jakt i verneområdet, og fiske på Krokstadvatnet, og elles ulike former for enkelt friluftsliv. Ei viktig brukargruppe er eigarane av hyttene på eidet mellom Krokstadvatnet og Endestadvatnet, rett utanom naturreservatet. Frå desse hyttene går det sti ned til ein båtplass ved Endestadvatnet (Endestadbugen) i naturreservatet. Éi hytte ligg også inne i naturreservatet, ved denne stien. Ved Krokstadvatnet (Krokstadbugen) ligg eit gammalt naust i naturreservatet. Eigarane av hyttene er interesserte i å kunne transportere ulike varer og materiell til og frå. Karakter og omfang av dette kan variere mykje over tid og etter omstenda, men inneber eit potensiale for konflikt med omsynet til å unngå inngrep i naturreservatet. Ei taubane var tidlegare montert mellom hyttene og Krokstadvatnet.

Eit svært viktig spørsmål er i kva grad ferdsel av folk gjennom huldrestry-førekosten inneber risiko for at folk tek med seg huldrestry, anten av di dei veit at arten er sjeldsynt, eller berre "som pynt". Fylkesmannen har i dag ikkje grunnlag for å seie om dette er noko alvorleg problem, men vi har sett døme på at folk utanfrå ikkje alltid tek omsyn til huldrestryet. Det er vanskeleg å halde effektivt oppsyn med kva folk gjer, og sjølv grunn-/hytteeigarane (som er dei som er mest til stades) vil ikkje vere i stand til å følgje med på kven som er i området eller kva dei gjer. Ut frå føre-var-prinsippet har difor Fylkesmannen valt å ikkje leggje aktivt til rette

for ferdsel i eller gjennom naturreservatet. Dette legg føringar for fleire sider av forvaltninga av området.

### **Rammer og regelverk**

Vernet er i utgangspunktet ikkje til hinder for jakt og fiske, sjå § 4 Generelle unntak, pkt. 3 og 4. Ein del tiltak i samband med jakt og fiske, som motorferdsel knytt til jakt, er søknadspliktig. Etter søknad kan Fylkesmannen (sjå § 5, pkt. 6), gje løyve til "oppføring av enkle naust på gammel båt plass i Endestadbugen".

Verneforskrifta er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv, så lenge dette ikkje er til skade for vegetasjon og dyreliv, sjå verneforskrifta § 3, pkt. 1 og 2. I verneforskrifta § 3, pkt. 5 er det presisert at bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet. I fylgje § 5, pkt. 4, kan forvaltningsstyresmakta etter søknad gje løyve til avgrensa bruk av naturreservatet som nemnt i § 3, pkt. 5 (teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement). Bruk av sykkel og organisert riding utanom eksisterande vegar, og etablering av nye båt plassar er forbode (§ 3, pkt. 6 og 7).

I saksførelegget til Kgl. res. Står det m.a.:

*"Direktoratet for naturforvaltning anbefaler følgende: Området Brandatjørna blir vernet som naturreservat. I forhold til forslaget som ble sendt på høring anbefaler DN at et område på ca. 90 dekar med flere hytter i den sørøstre delen tas ut av verneområdet. I dette området har grunneierne drevet ut trevirke. Med denne endringen blir arealet av reservatet redusert til 446 dekar. Båt plassen ved Endestadbugen blir fremdeles liggende inne i reservatet, og DN tilrår at det i forskriftene åpnes for godkjenning av naust i forbindelse med bruken av hyttene."*

### **Retningslinjer for forvaltninga**

Til erstatningsoppgjæret la Staten sin advokat fram to "spesielle skjønnsforutsetninger". Den første er dagsett 17.6.2004, og seier:

*" 1. Roy Humlestøl vil som eier av gnr 59 bnr 2 i Flora få dispensasjon fra vernereglene § 3 jfr § 6 for oppføring av naust på omforent sted på brukets teig i Krokstadbugen. Det må på vanlig måte søkes om tillatelse ihht annet lovverk.*

*2. I Endestadbugen kan det påregnes at forvaltningsmyndigheten vil imøtekomme søknad om oppføring av naust i samsvar med vernereglenes § 5 nr 6 og intensjonene i foredraget til Kgl. Res. Det må på vanlig måte søkes om tillatelse iht annet lovverk."*

Den andre skjønnsføresetnaden er dagsett 24.5.2007, gjeld for gnr. 59 bnr. 2 og seier:

*"Det kan påregnes gitt tillatelse til reetablering av taubane på gnr. 59 bnr. 2 fra Krokstadbugen opp til endepunkt for tidligere trase, - ved hytte. Ved vatnet skal utgangspunkt være ved eksisterende naust/stor stein. Formell søknad som viser anlegget sendes Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Evt tillatelser etter annet lovverk må avklares/innhentes av grunneier"*.

Slike skjønnsføresetnadar er ikkje formelt styrande for forvaltninga på same måte som verneforskrifta og førearbeida er. Verknaden av ein skjønnsføresetnad er derimot at dersom forvaltninga gjer vedtak som ikkje samsvarar med føresetnaden, har grunneigar rett til å krevje erstatning for dette. Forvaltningsstyresmakta sine avgjerder må til ei kvar tid vere



heimla i verneforskrifta og naturmangfaldlova. Skjønnsføresetnadane kan difor sjåast som forvaltningsstyresmakta si førehandsvurdering av korleis dei aktuelle spørsmåla vil verte handsama når det kjem søknad.

Fylkesmannen si grunngjeving for dei to nemnde skjønnsføresetnadane kan uttrykkjast slik:

Hyttene i eidet mellom dei to vatna var i bruk på vernetidspunktet. Hytter må ha tilkomst, og ein må vere budd på at det frå tid til anna også kan vere trong for transportar av materiell av eit visst omfang. I dag er det mogleg å kome til hyttene både via sti som går frå riksvegen og gjennom naturreservatet, og frå båt plass i Endestadbugen, der både båt plassen og stien ligg i naturreservatet. Tilkomst via naustet i Krokstadbugen har vore noko mindre nytta i seinare år, så her er det ikkje så tydeleg sti. I erstatningssaka kom det opp ønske om å kunne nytte tilkomsten via Krokstadvatnet på line med Endestadvatnet.

Fylkesmannen vurderer at velfungerande tilkomst til hyttene via begge dei to vatna kan bidra til å redusere bruken av stien som går gjennom naturreservatet. Sjølv eidet er i dag mindre sårbart enn dei meir sentrale delane av naturreservatet, og Fylkesmannen vil difor oppmuntre til at ferdsla mest mogleg kan skje via vatna. Sjølv om det berre er Endestadbugen som er nemnd særskilt i forskrifta når det gjeld opning for naust, meiner Fylkesmannen at det vil tene verneføremålet å ha høve til å byggje (nytt) naust også i Krokstadbugen. Dette gjeld ikkje berre sjølv tilkomsten til hyttene, men også bruken av begge vatna til fiske og friluftsliv.

### **4.3. Motorisert ferdsle**

#### **Status og utfordringar**

Det er lite motorisert ferdsel i naturreservatet, og derfor få aktuelle problemstillingar knytte til dette. Det kan vere aktuelt med motorisert ferdsel i samband med uttak av planta gran. Omsynet til verneverdiane vil då bli avgjerande for korleis denne transporten eventuelt skal gå føre seg.

#### **Rammer og regelverk**

Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy (verneforskrifta § 3, pkt. 4). Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 pkt. 1 (øvingskøyning knytt til militær verksemd og tiltak som gjeld ambulans, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning), 3 (jakt), 6 (vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet) og § 5, pkt. 3 (hogst av etablerte plantefelt), 5 (oppsetjing av gjerde i samband med beiting) og 6 (oppføring av enkle naust på gammal båt plass i Endestadbugen).

#### **Retningslinjer for forvaltninga**

Med unntak av naudsynte transportar til hyttene via båt plassar i Endestadbugen og Krokstadbugen, vil Fylkesmannen vere svært restriktiv til motorferdsel i naturreservatet. Omsynet til terrengslitasje er eitt moment, i det ein del parti med myr på stien frå riksvegen kan vere sårbare for køyning med mindre det er godt frose snøføre. Vel så viktig er likevel målet om å redusere ferdsla mellom riksvegen og hyttene, der motoriserte transportar ville bidra til å halde stien open og iaugefallande. Fylkesmannen vil difor i utgangspunktet vere positiv til ein eventuell søknad om å sette i stand taubanar eller liknande som kan gjere det

mogleg å transportere varer direkte frå dei to vatna og til hyttene, sjølv om taubane er eit uheldig inngrep i naturreservatet.

## 5. Forvaltning

### 5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

I verneforskrifta § 3 er det lista opp kva tiltak og aktivitetar som i utgangspunktet er forbode innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av § 4. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for.

#### Spesifisert dispensasjonsheimel

I verneforskrifta § 5 er det lista opp kva tiltak som forvaltningsstyresmakta kan vurdere å gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 1 (øvingskøyring), 3, og 6, og § 5 nr. 3, 5 og 6
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Hogst av etablerte plantefelt
4. Avgrensa bruk av naturreservatet som nemnt i § 3 nr. 5
5. Oppsetjing av gjerde i samband med beiting
6. Oppføring av enkle naust på gammal båtplass i Endestadbugen, i samband med tilkomst til hytter

Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

#### Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 er avløyst av "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter. Dette betyr at søknaden om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ 6), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ 5) gjeld derimot framleis.

#### **Naturmangfaldlova § 48** (dispensasjon fra vernevedtak):

"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens

samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.”

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerhetsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket “ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig” inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i fyrste rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroingar som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggjast stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket “ikke strider mot vernevedtakets formål”. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsettingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggjast vekt på at verneføremålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneføremålet i sum.

Dispensasjon for “vitskaplege undersøkingar” (jf. verneforskrifta § 6) er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som “ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig” i § 48. Dette gjeld då i fyrste rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Nyttan av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulemper forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å lokaliserast til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

Dispensasjon av omsyn til “vesentlige samfunnsinteresser” i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarende dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde forhold føreligg, jf. omgrepet “vesentleg”, og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med ei formell høyring) gjerne er eit betre alternativ.

Dispensasjon når “sikkerhetshensyn gjør det nødvendig” er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i barskogreservata i Sogn og Fjordane.

## 5.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar

Søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftleg og sendast (som brev eller e-post) til forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det

skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta (§ 5) eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknadar og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Søknaden skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane.

Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggas stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknadar eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknadar. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservatet blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknadar. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv syte for å avklare tiltaket med eventuelle andre styresmakter og grunneigarar. Dette gjeld til dømes ved motorferdsel, der ein må søkje kommunen om løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka sendt vidare til DN for endeleg avgjerd.

### **5.3. Statens naturoppsyn**

Statens naturoppsyn (SNO) gjer ein viktig jobb med m.a. informasjons-, oppsyns-, registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid i verneområda. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har Brandatjørna naturreservat som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø. Tore Gundersen har e-postadresse [tore.gundersen@dirnat.no](mailto:tore.gundersen@dirnat.no) og telefonnummer 57 74 18 92 / 970 05 288.

## **6. Forvaltningsoppgåver og tiltak**

### **6.1. Skjøtsel**

Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltningsstyresmakta set i gang for å fremje verneføremålet. Forvaltningsstyresmakta er ikkje formelt avhengig av løyve frå grunneigar for å setje i gang skjøtsel som trengst for å fremje verneføremålet. I praksis ønskjer Fylkesmannen likevel alltid å drøfte skjøtselstiltak med grunneigar i forkant, for å finne fram til føremålstenlege måtar å gjere arbeidet på, og unngår unødige ulemper for grunneigar eller andre brukarar. Fylkesmannen ønskjer å inngå avtalar med grunneigarar om at dei gjennomfører skjøtsel dersom dei ønskjer det, og det lèt seg gjere. Vernereglane gir ikkje heimel til å påleggje grunneigar eller andre å utføre skjøtsel.

Aktuelle skjøtselstiltak for å fremje verneføremålet i Brandatjørna naturreservat er primært knytt til å fjerne grana innanfor verneområdet. I vedlegg 3 viser utsnittet av skogtakseringa at det er to teigar som har gran som hovudtreslag. Det er eit mål å fjerne grana snarast mogleg.

Miljøfaglig Utredning vurderer forynginga av eik til å vere brukbar. Forvaltningsplanen legg opp til ei overvaking av rekrutteringa av eik. Viss det viser seg at rekrutteringa er dårleg må vi vurdere planting eller andre tiltak for å sikre bestanden av eik som levestad for huldrestry. Foreløpig ser det ikkje ut til å vere nødvendig med slike tiltak.

### **6.2. Informasjon og tilrettelegging**

Brandatjørna naturreservat er lite tilrettelagd for publikum. Det er ikkje sett opp informasjonsplakat, slik det er vanleg i verneområde. Verneverdiane i Brandatjørna naturreservat, og då i fyrste rekkje bestanden av huldrestry, er sårbare for menneskeleg aktivitet. Det kan vere fristande å plukke med seg huldrestry. Difor vil ikkje Fylkesmannen legge til rette for ferdsel i området gjennom informasjon o.a.

Sidan verneverdiane kan vere sårbare for menneskeleg aktivitet, vil det bli sett opp eit skilt ved den mest brukte stien med informasjon om at det ikkje er lovleg å plukke med seg planter, mose og lav.

### **6.3. Overvaking og påfølgjande undersøkingar**

Miljøfaglig Utredning har laga ei god oversikt over raudlista artar i naturreservatet. Dette er eit godt utgangspunkt for å gjere påfølgjande undersøkingar for å sjå ei eventuell positiv eller negativ utvikling for artane. Det er difor eit mål å gjere jamlege registrering av raudlista artar i naturreservatet. Sidan dette er tidkrevjande og krev høg kompetanse, er det lagt opp til å gjere slike registreringar med 10 års mellomrom. For å kunne følgje med på utviklinga av verneverdiane er det viktig å gjere undersøkingar av mengde daud ved og rekruttering av lauvtre som eik, rogn, osp og selje. Dette er viktige faktorar for fleire av dei raudlista artane. Det er og høgt prioritert å få fjerna grana som står innafør naturreservatet. Samtidig vil det vere naudsynt å få fjerna nye spirer av gran etter kvart som dei dukkar opp.

Det vil og bli gjort ei basiskartlegging av naturtypar innan kort tid. Basiskartlegginga byggjer på eit nytt system for inndeling av naturtypar i Noreg (NiN). NiN skal vere eit einskapleg skildringssystem som går på tvers av sektorar og fagdisiplinar. NiN vil utgjere grunnlaget for å kunne vurdere trua naturtypar i Noreg.

Direktoratet for naturforvaltning utarbeider i desse dagar metodikk for overvaking av naturkvalitetar. Dette gjeld til dømes overvaking av mengde daud ved, basiskartlegging og

registrering av skader av hjortevilt. Metode for dei påfølgande undersøkingar vil difor bli presisert når dette arbeidet frå Direktoratet for naturforvaltning er gjennomført.

#### 6.4. Oppsummering av skjøtsel og påfølgande undersøkingar

Tabell 4. Skjøtsel og påfølgande undersøkingar i Brandatjørna naturreservat.

Tiltak	Aktør	Når
Fjerne gran	Ekstern aktør	2012
Sette opp skilt med informasjon om forbodet mot å plukke planter, mose og lav	Fylkesmannen	2012
Registre framande organismar	SNO/Fylkesmannen	2012
Registrere huldrestry	SNO/Fylkesmannen	Kvart 5. år, fyrste gong seinast i 2014
Registrere andre raudlisteartar	Ekstern aktør	Kvart 10. år, fyrste gong seinast i 2019
Biologiske kartleggingar (basiskartlegging)	Ekstern aktør	2012 eller 2013
Registrere rekruttering av eik, rogn, osp og selje	SNO/Fylkesmannen	Kvart 3. år, fyrste gong seinast i 2013
Registrere daud ved	SNO/Fylkesmannen	Kvart 10. år, fyrste gong seinast i 2013

## 7. Kjelder

Aa, A. R. & Sønstegaard, E. 1994. Upublisert underlagsdokument for Utredning for DN Nr. 1004-9.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001 Revidert 2010. DN-håndbok 17-2001 Områdevern og forvaltning.

Fjeldstad, H. & Gaarder, G. 2010. Brandatjørna naturreservat i Flora kommune. Miljøfaglege råd til forvaltningsplanen. Miljøfaglig Utredning, rapport 2010:5. 30 s. + vedlegg.

Gauslaa, Y., Anonby, J., Gaarder, G. & Tønsberg, T. 1992. Huldrestry, *Usnea longissima*, en sjelden urskogslav i Flora, Sogn og Fjordane. Blyttia 50: 105-114.

Ihlen, P. G., Eilertsen, L. 2010. Bekkekløftprosjektet – naturfaglige registreringer i Hordaland 2009: Modalen kommune. 33 s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

### Vedlegg:

1. Verneforskrifta
2. Naturmangfaldlova § 48
3. Utsnitt av skogtakseringa
4. Sakshandsaming

## Vedlegg 1

### **Forskrift om supplering av verneplan for barskog i Vest-Noreg, vedlegg 1, freding av Brandatjørna naturreservat, Flora kommune, Sogn- og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. 14. juni 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### **§ 1. Avgrensing**

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 58/8 – 59/2 – 59/3 – 59/4.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 446 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet desember 2001.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart er lagra i Flora kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### **§ 2. Føremål**

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv, og med alle dei naturlege økologiske prosessane. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området har ein frodig og plantegeografisk interessant førekomst av huldrestry i eit gammalskogsmiljø, med mange artar av trelevande sopp og lav.

#### **§ 3. Vernereglar**

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., framføring av luftleidningar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet.
6. Bruk av sykkel og organisert riding utanom eksisterande vegar er forbode.
7. Etablering av nye båt plassar er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak**



Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning.

Øvingskøyring i tilknytning til slike føremål krev særskilt løyve.

2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt.
4. Fiske.
5. Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvaltingsstyresmaktene kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 1 (øvingskøyring), 3, og 6, og § 5 nr. 3, 5 og 6.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Hogst av etablerte plantefelt.
4. Avgrensa bruk av naturreservatet som nemnt i § 3 nr. 5.
5. Oppsetjing av gjerde i samband med beiting.
6. Oppføring av enkle naust på gammal båtplass i Endestadbugen, i samband med tilkomst til hytter.

#### **§ 6. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle, dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

#### **§ 7. Forvaltingsplan**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 8. Forvaltingsstyresmakt**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### **§ 9. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

## Vedlegg 2

### Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Jf. tidligere lov 19 juni 1970 nr. 63 om naturvern.

#### Kapittel V. Områdevern

##### § 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

## Vedlegg 3

### Bestandskart

# BESTANDSKART

Område: Brandatjønna naturreservat og omegn

Eigar: G og bnr. 58/8, 59/1, 59/2,  
59/3, 59/4,  
59/6, 59/21

Plan nr: 1

#### Teiknforklaring:


----- Vernegrense

———— Bestandsgrense

36 Bestandsnummer

002/3 Eigarnr/teignr.

———— Bilvei



Eigar.nr./teignr.	Gnr./Bnr.	Teig	Areal (daa)	Bonitet	Kubikkmeter utan bork		
					Gran	Furu	Lauv
001/1	58/8	1	14,0	F8		106	
		2	8,0	F8		6	3
		3	70,0	F11		893	
		4	55,0	F11		210	
		5	9,7	F8		90	
002/1	59/3	1	25,5	F8		171	
		2	9,0	B14			70
		3	3,5	G20	99		
		4	46,8	F8		393	
003/1	59/4	1	5,2	F11		15	7
		2	20,9	F11		21	21
004/1	59/2	1	12,2	G20			9
		2	7,0	G20	12		
		3	4,3	F8			
		4	1,3	F8		8	

## Vedlegg 4: Sakshandsaming av forvaltningsplan for Brandatjørna naturreservat

### Høyring:

Det vart varsla igangsetjing av forvaltningsplanen 17.8.2011, og forvaltningsplanen blei lagt ut på høyring i tida 24.11.2011 til 6.1.2012. Høyringa vart kunngjort i Firdaposten.

Det kom inn eit innspel til igangsetjinga av planarbeidet, og eit innspel etter at forvaltningsplanen blei lagt ut på høyring.

### Oddvar Endestad (til igangsetjinga)

Oddvar Endestad lista opp tiltak han ser som ynskjeleg:

- Tilrettelegging slik som ved helleristningsfeltet i Ausevika i Flora kommune
- Lage ein parkeringsplass ved riksvegen med plass til bilar og bussar for publikum og besøkjande til verneområdet
- Merke gangstien til huldrestryområdet
- Informasjonstavle med kart
- Bygge ein veg for lette køyretøy utanom lokalitetar med huldrestry for å fjerne gran og drive skjøtsel på treslag som ikkje er ønskjeleg i området. Veggen kan også brukast til å kanalisere ferdsel til hytteområdet og beite- og jaktterreng forbi lokalitetar av huldrestry og andre lokalitetar

### Fylkesmannen si vurdering:

Brandatjørna naturreservat er lite tilrettelagt for publikum. Det er ikkje sett opp informasjonsplakat, slik det er vanleg i verneområde. Verneverdiane i Brandatjørna, og då i fyrste rekkje bestanden av huldrestry, er sårbare for menneskeleg aktivitet. Det kan vere fristande å plukke med seg huldrestry. Difor vil ikkje Fylkesmannen legge til rette for ferdsel i området gjennom informasjon o.a.

Fylkesmannen vil vurdere kva tiltak som er naudsynte for å få fjerna gran og eventuelle andre skadelege framande artar. Så langt som råd vil vi forsøke å unngå å gjere store inngrep, som til dømes å bygge veg, som er lite ynskjeleg i eit verneområde.

### Roy Humlestøl (til høyringsframlegget)

Roy Humlestøl er sterkt kritisk til oppretting av naturreservatet, og vil sterkt setje seg i mot nye restriksjonar. Han føreset at grunneigarar vert varsla før det vert sett i verk tiltak.

### Fylkesmannen si vurdering:

Forvaltningsplanen kan ikkje innføre nye restriksjonar ut over dei som ligg i verneforskrifta, og det er difor ikkje det som er meininga med forvaltningsplanen. Grunneigarar *skal* varslast før det vert iverksett tiltak, og Fylkesmannen er samd i at dette er viktig. Det gjeld både utforming og plassering av skilt (slik at dei fungerer best mogleg og ikkje «vert ståande i vegen» på nokon måte), og fjerning av gran. For sistnemnde er det m.a. viktig å vite om grunneigarane ser føre seg å kunne ta noko av granene ut for å gjere seg nytte av dei, i staden for at dei berre vert felte eller ringberkte.

Rapportane finn du på Miljøstatus: <http://sognoqfjordane.miljostatus.no>

<b>2012</b>	
1-2012	Forvaltningsplan for Brandatjørna naturreservat. ISBN 978-82-92777-26-8
2-2012	Forvaltningsplan for Sandvikbotn naturreservat. ISBN 978-82-92777-27-5
<b>2011:</b>	
1-2011	Feltekspesiment – fjerning av småplanter av platanlønn ( <i>Acer pseudoplatanus</i> ) i Flostrand naturreservat. ISBN 978-82-92777--21-3
2-2011	Prøvefiske i 14 vatn i Sogn og Fjordane i 2009. ISBN 978-82-92777-22-0
3-2011	Forvaltningsplan for Grønøyra naturreservat. ISBN 978-82-92777-23-7
4-2011	ISBN 978-82-92777-24-4 (under arbeid - TD)
5-2011	Sjøfugteljingar i Sogn og Fjordane i 2011. ISBN 978-82-92777-25-1
<b>2010:</b>	
1-2010	Sjøfugteljingar i Sogn og Fjordane i 2010. ISBN 978-82-92777-19-0
2-2010	Sandyner i Sogn og Fjordane. ISBN 978-82-92777-20-6
<b>2009:</b>	
1-2009	Forvaltningsplan for Eikefjordholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-04-6
2-2009	Forvaltningsplan for Timberøyholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-05-3
3-2009	Forvaltningsplan for Sildekruna naturreservat. ISBN 978-82-92777-06-0
4-2009	Forvaltningsplan for Skorpeholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-07-7
5-2009	Forvaltningsplan for Haukedalsholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-08-4
6-2009	Forvaltningsplan for Torsholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-09-1
7-2009	Prøvefiske i 26 vatn i Sogn og Fjordane i 2008. ISBN 978-82-92777-10-7
8-2009	Forvaltningsplan for Ramsholmen naturreservat. ISBN 978-82-92777-11-4
9-2009	Forvaltningsplan for Ønaholmane naturreservat. ISBN 978-82-92777-12-1
10-2009	Forvaltningsplan for Tennøyane naturreservat. ISBN 978-82-92777-13-8
11-2009	Forvaltningsplan for Raudøy naturreservat. ISBN 978-82-92777-14-5
12-2009	Forvaltningsplan for Prestøy naturreservat. ISBN 978-82-92777-15-2
13-2009	Forvaltningsplan for Flatøy naturreservat. ISBN 978-82-92777-16-9
14-2009	Sjøfugteljingar i Sogn og Fjordane i 2009. ISBN 978-82-92777-17-6
15-2009	Ungfiskregistreringar i Lærdalselva 2006 - 2008. ISBN 978-82-9277718-3
<b>2008:</b>	
1-2008	Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. ISBN 978-82-91031-92-7
2-2008	Stølane i Mørkridsdalen - Far etter folk. ISBN 978-82-91031-97-2 (Stor fil, 40 MB)
3-2008	Kloppemyrane naturreservat i Gloppen kommune. Forvaltningsplan. ISBN 978-82-91031-98-9
4-2008	Prosjekt Opne landskap. Sluttrapport for hovudprosjektet, mars 2005 - april 2008. ISBN 978-82-91031-99-6
5-2008	Rettleiingshefte for utsiktsrydding langs veg, Prosjekt Opne landskap 2005 – 2008. ISBN 978-82-92777-00-8
6-2008	Rettleiingshefte for landskapspleie med geit og kje, Prosjekt Opne landskap 2005 - 2008. ISBN 978-82-92777-01-5
7-2008	Prøvefiske i 26 vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2007. ISBN 978-82-92777-02-2
8-2008	Sjøfugteljingar i Sogn og Fjordane i 2008. ISBN 978-82-92777-03-9
2008	Olivinskogene i Norge. Rapport 2008:06 gir ei oppsummering av status og verdi. Den er utgjeven i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
<b>2007:</b>	
1-2007	Utgår
2-2007	Forvaltningsplan Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-93-2/ISBN 978-82-91031-93-4
3-2007	Verneframlegg for Krakksfjellet naturreservat. ISBN 82-91031-94-0/ISBN 978-82-91031-94-1
4-2007	Prøvefiske i 14 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2006. ISBN 82-91031-95-9/ISBN 978-82-91031-95-8
5-2007	Sjøfugteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. ISBN 82-91031-96-7/ISBN 978-82-91031-96-5